

Mosar notert og samla i samband med undersøkingar i Frafjordheiiane, Gjesdal og Forsand kommune 15/1, 20/5, 22/5, 1/6, 2/6, 17/6, 4/7, 18/7, 19/7 –2000.

John Inge Johnsen, oktober-2000.

Lokalitetane representerer stort sett stikkprøver i randsonen og gjer eit bilete av kryptogamfloraen i regionen. Det er først og fremst lagt vekt på mosefloraen, men her manglar ein del finbestemming av små levermosar som er tidkrevjande og derfor førebels ute late. Når det gjeld lav er desse tatt med så langt kunnskapen rekk, her manglar i første rekke skorpelav. Det samme gjeld for sopp, men tida på året avgrensar sterkt artsutvalet.

Degelius 1948 (Lichnologiske anteckningar från en resa i södra Norge) fant ein rekke nye skorpelav for landet, samt ein ny art for vitskapen i området frå Molaugvatnet til området kring Brådland. Sjølv om dette stort sett er skorpelav kor utbreiinga har vore dårlig kjent er arten som var ny for vitskapen *Aspicillia scabrida* ikkje blitt funne andre stader i ettertid.

Torborg Bjelland (hovudfagsoppgåve på lavislektten *Leptogium*) har elles påvist fleire sjeldsynte hinnelavartar (raudlista) i området NV av Molaugvatnet og ved Ørestø. Den sørvende lia frå Frafjord til Norddalen inneheld truleg fleire lokalitetar for sjeldsynte raudlisteartar utan at ein har hatt tid til å gå desse nærmare opp i felt. (Jfr. artsinventar frå stikkprøvelokalitetane nedanfor). Grensa for verneområdet i Frafjorddalen bør derfor trekka i overgangen mellom dalbotn og liside.

Kåre Lye –1965 (Studies in plant geography and sociology of Bryophytes in South West Norway), har peika på området sin verdi i høve oseaniske mosesamfunn. Dei fleste av desse samfunna vert fanga opp innanfor førebels avgrensing av Frafjordheiene-landskapsvernområde. Nokre av dei mest sjeldsynte samfunna fell likevel utanfor avgrensinga. Dette gjeld i første rekke lågtliggende nordvende kløfter og lier med fleire arter som til dømes Kystskeimose, Horngrimemose, Pigghinnemose og Kløfthinnemose, som i Norge og Skandinavia nesten utelukkande er kjend frå denne regionen, og berre med få lokalitetar.

Dei nordvendte liene frå Røssdalen til Indredalen ligg i så måte i høgaste laget og så langt er ingen av dei ovannemnde artane funne her. Det hadde derfor vært ønskeleg at fjordsida ved Giskevika inkludert ovanforliggjande vatn hadde blitt tatt inn i verneområde. Det er og gjort nokre undersøkingar lengre inn i Lysefjorden, men truleg grunna i økologiske tilhøve er dei mest sjeldsynte artane ikkje gjenfunne her. Eit område på sørsida av Frafjord mellom Mulen - Lauvnes (lok. 13) faller også utanfor grenseforslaget, og dette området bør derfor registrerast (sikrast) i samband med biologisk mangfold kartlegging.

Området kring Brådlandfossen er viktig å få med i høve lavarten *Aspicillia scabrida* som ikkje er kjend frå andre stader i verda.

Den nordvendte bjørkeskogen med ein del læger i Øvstabøgjelet like ved, er elles av stor verdi da området inneheld ein naturtype som det er lite av elles i verneområdet. Grensa bør i dette område trekka noko lengre mot vest.

Nedanfor følgjer ein kort omtale av den einskilde lokalitetane (UTM referansene oppgitt i GD-Geodatum) og dei mest interessante observasjonane: Raudlistekategoriene (**E**-direkte truga, **V**-sårbar, **R**-seldsynt, **DC**-omsynskrevjande, **DM**-bør overvakast) følgjer ”Nasjonal rødliste for truete arter i Norge”, og art og kategoripllassering er uthæva. Nye utbreiings grenser er og uthæva.

Lokalitet 1-15/1-2000

Moserik bjørkeskog og fuktig hei frå P-plass, langs sørsida av elva mot Måmafossen (UTM: 490-276-)

Raggtelg (ssp. boreri) og Hinnebregne observert like ved p-plass. Av sårbare arter (**V**) blei **Butturnemose** funne i ein bergsprekk (490-276-). Denne arten er tidlegare samla i Frafjord av N.Bryhn (19/7-1889) og E. Nyman (17/8-1890). Elles er følgjande arter mindre vanlege til sjeldsynte i regionen: Hettekimrose, Bergrotmose, Bergfoldmose, cf. Raudstilkflettemose, Nåleputemose, Svanenikkemose, Fjørsuftmose, Praktvebladmose, Butt-tvebladmose. På holmen i elva ved P-plass veks **Solblom** (**DC**) og Nattfiol (rikeleg). Nattfiol har hatt ein sterk tilbakegang i seinare år, men er førebels ikkje raudlista.

Lokalitet 2 –15/1 og 18/7 -2000

Langs sørsida av elva frå Brådland, med vekt på område ved Brådlandfossen. (UTM: 495- 257-) Blåbærbjørkeskog stadvis med Storfrytle og Bjønnkam, noko Revebjølle og Broddtelg. Ved Brådlandfossen, stadvis ur med dominans av torvmosar i botnskiktet, elles fine samfunn med Purpurmose, Vengemose og Hinnebregne her. Liten bestand av **Butturnemose** (**V**), veks her (UTM ca. 497-258-) i hole mellom steinblokker, (sjå lokalitet nr.1). Elles nokre få rosettartar av **skoddelav** (**DC**) observert på ein bjørk like ved elva same stad.

Av mindre vanlege til sjeldsynte arter i regionen finn ein: Bergljåmose, Trådskruevrangmose, Nåleputemose, Praktvebladmose og Grynkjell. Skorpelaven **Calotheca wahlenbergii** har norsk SV-grense her.

Sørsida av elva mellom Øvstabøgjelene, gamal bjørkeskog med mye læger, stadvis Smørtelg dominert. Ein del tre med spor etter spettefuglar. Rotent treverke (læger) gjer substrat til mindre vanlege arter som Sagtvebladmose, Fingersaftmose m.fl. **Butturnemose** (**V**) funne på ein bergvegg opp under berget her. På ei gammal Selje i bjørkeskogen på rasvifta (ytre Øvstabøgjelet) veks **Praktlav** (**DC**). Elles veks den relativt sjeldsynte Lakk-kjuken på hassel her.

Lokalitet 3 –20/5-2000

Vest-nordvest av Molaugvatnet, under Migaren. (UTM 453-263-) Alm-, ask-lindeskog i ur, mange gamle og store styvingstre. Av meir interessante arter (regionalt sjeldsynte) i feltskiktet, førekjem Skogsvingel, Kjempesvingel, Myske, Vanleg maigull, Maurarve, Slakkstorr, Skognesle. Fleire sjeldsynte hinnelav-arter, **Leptogium cochleatum** (**E**) og **Irsk hinnelav** (**E**), **Kranshinnelav** (**V**) og **Butturnemose** (**V**) førekjem på fleire stader her. Elles førekjem Trådskruevrangmose, Glansmose, Galleteppemose, som er mindre vanlege til regionalt sjeldsynte. Lavfloraen er rik på forureinings følsame arter, og nøkkelerter for biologisk interessante biotop, som ulike –never (Lobaria sp. og Peltigera sp.), -filtlav (Pannaria sp. og Degelia sp.) og –porelav (Sticta sp.). Avsnøring av elva (evje), fin beitepåverka sump med bl.a. **færøylovetann -norsk SV-grense**. I ura blei det elles funne ein sopp som førebels er bestemt til Narrsjampingjong og som er sjeldsynt i Rogaland.

Lokalitet 4 –20/5-2000

Norddalen, (UTM: 467-268-) aust sida av elva dominert av gråorskog, i høgden overtek gammal bjørk. Gamal beitemark delvis gjennvekse med einer og spreidde villapal. Skjøtsel på gang. Ein del eldre styvingstre lind, ask, alm og selje med fin kryptogamflora, med mellom anna regionalt mindre vanlege arter som Ekornmose, Trådskruevrangmose, Reipmose, Galleteppemose, cf. **Sporebuskhette** (**DM**), Grynfiltlav, Kystfiltlav. **Gråspett** (**DC**) hevda aktivt revir her. Inne i dalen ved fossen (464-275-), fattig fossemark med austvende klipper dominert av rennemose. Her veks elles Lungenever, Rundporelav, Runever, Klubbemose og Krokraspmose. Elles observert ein **Silkeselje -ny SV-grense i Norge**. Den gamle driftevegen inn dalen ligg fint i terrenget og utgjer eit viktig kulturminne.

Lokalitet 5 –22/5-2000

Frafjord- Ørestø (UTM: 425-266-). Jernutfelling i berget ved starten av sti til Ørestø. Interessant mosesamfunn her av Nervesotmose og cf. Seterknausing. I bergvegg langs sjøen mindre vanlege til regionalt sjeldsynte arter som: Engtjæreblom, Liljekonvall, Olavskjegg, Lintorskemunn, Bergflette, Prikkperikum,

Bitterbergknapp. Storvokst lind, eik –askeskog på rasvifter ved Ørestø. Interessant kryptogamflora på eldre trær i området. **Leptogium cochleatum** (E) observert på gammal ask. Elles blei regionalt mindre vanlege arter som Sjøroselav, Thelopsis rubella, Reipmose, Lermose og Stubbesigdmose registrert. I fuktsig i gråorskog ved sjøen veks fine bestand av Slakkstorr. Torbjørg Bjelland (pers.med.) har elles funne Irsk hinnelav (E) her.

Lokalitet 6 –1/6-2000

Espedalen, frå Kleppåa, vest og nordsida av Bukkeknuten frå ca. 180-300moh, (UTM: 38-29-)

Lysopen nordvest blåbærbjørkeskog med ein del læger i moserik ur, delvis beitepåverka. Ein del spor (spettehull) etter spettefuglar. Fine utformingar av oseaniske mosesamfunn med mellom anna Hinnebregne og Raggtelg. Her veks **kystkorall-lav (DC)** og regionalt mindre vanlege arter som Grynskjell, Bergljåmose og Stumpfoldmose. Bjørkeskogen går i nord over i naturbeite med gulaks-bråtestarr utforming.

Lokalitet 7 –1/6-2000

Novahammaren, nordsida av Middagsknuten 2-300 moh, (UTM: 403-309-).

Langs elva nordvest open moserik bjørkeskog med ein del større steinblokker. Av regionalt meir spreidde arter førekjem Småtveblad, Skogmarimjelle, Nikkevintergrønn og Perlevintergrønn. Elles rikare sig med Loppestarr, Fettmose og Saftfjärmose. Over skoggrensa skrinn rishei stadvis gjenvekse med einerkratt. Her veks mellom anna oseaniske mosar som heimose og purpermose. **Fjellkråkefot har SV-grense** i området. Tungmetall/ jernutfelling i berget (Novahammaren), kor mellom anna Vardeknausing veks. Fin utsikt ned til utlaupet av Espedalsvatnet med (2)daudisgropar på lyngkledd terasse, (truleg lokalitet for mellom anna Solblom.)

Lokalitet 8 –2/6-2000

Røssdalen mot Indredalen (UTM: 45-47, 345-349-)

Fukthei, ur, bjørkeskog, edellauvskog og bjørkeskog i ur. Interessante arter Skogsvingel, Myskegras, Skogstjerneblom, Firblad, Lodnebregne, Engsnelle, Trollbær, Raggtelg, Solblom m.fl. **Rustkjuke (DC)** registrert fleire stader innanfor Røssdalsvatnet. **Professor Leif Ryvarden fant i 1998 tre omsynskrevjande sopparter (Skorpepiggsopp, Rustkjuke og Phlebia cretacea) og to arter som reknast for nasjonalt sjeldsynte (Gloeocystidiellum karstenii, Hypochricium polonense) i dette område.** Av regionalt mindre vanlege arter blei Vrengefellmose, Praktvebladmose, Skjerfmose, Glansmose, Flommose, cf. Vasshalemose, Skogfagermose, Kuleknoppnikkemose, Putehårstjerne, Galleteppemose, Sagtvebladmose, Lundveikmose, Thelopsis rubella, Catolechia wahlenbergii, Grynfiltlav, Rundporelav og Sjøroselav funne.

Lokalitet 9 – 4/7-2000

N-siden av Månavatnet og området mellom dette vatnet og Fidjavatnet, vidare opp til Gjertrudsgjuvet. (UTM:50-52, 28-31)

Eldre bjørkeskog stadvis med ospeholt. Framtredande arter, stadvis dominant i feltskillet: Tepperot, Maiblom, Stormarimjelle, Smørtelg, Bjønnkam. Rikare sig med Kvitbladtistel. På gammal læger aust av Målastølen blei Reipmose og Sagtvebladmose notert. Mindre vanlege arter som Turt og Skogmarihand blei og observert her. Fint utvikla Sotmose-Setergråmose samfunn i elva, her førekjem Evjelevemose og på strandbreidda Kuleknoppnikkemose. På steinblokker i kanten av elva veks m.a. **Skrukkelav (400moh)** og skorpelav Calohecha wahlenbergii. Elles i ura vest av Fidjavatnet veks Reipknausing. Fint elveområde med mellom anna bufast Bever. Mye spor etter Rev langs stien. Spissmus(Sorex sp.) høyrt. Ekskrement av Mår. Langs bergsida opp til Gjertrudsgjuvet veks Faksjøkelmose, Klubbemose. Det blei elles høyrt lydtringer frå ukjent rovfugl (ørn?) her.

Lokalitet 10- 19/7-2000

Området v/Tverråa, Vinddalen ca 400-600 moh. (UTM: 46-37-)

Open relativt gammal furuskog på bakkemyr, fukthei, med ein del eldre bjørk. Einskilde drag stadvis dominert av Bjønnkam og Flekkmarihend. Av "fjellatrer" som er mindre vanlege i denne delen av området, veks: Stivstorr, Seterstorr, Slirestorr, Frynsestorr, Fjellaugetrøst. Elles veks Dvergbjørk, Kvitkrull og Gulskjell i skrinnare deler i nord. **Fjellkråkefot har SV-grense** i område (sjå og lok. 7). Ein del spor (spettesmiar) etter spettefugl i område. Like ved stien i område, markert terregngformasjon som truleg er eit formminne.

Lokalitet 11- primo/8-2000

Mosar og lav (stikkprøver) samla i Brådlandsdalen av Torborg Kleppa.

Lokalitet 13- 17/6-2000

N-sida av Ramstoknuten, sørsida av Frafjord, (UTM: 38-258-)

Bjørkeskog i ur og steile bergvegger. Stadvis interessante arter som Skogsvingel, Myskegras, Bergsal, Fjellsmelle, Bergfrue, Liljekonvall, Kantkonvall og Raggtelg. Den regionalt sjeldsynte soppen Brunsprøsopp funne ved bekk i bjørkeskog, her veks og raudknoppnikkemose. Oseaniske mosesamfunn med dei nasjonalt sjeldsynte artane **Pigghinnemose (E)** og **Kløfthinnemose (DC)** veks her saman med mindre vanlege arter som Småhinnemose, Fingersaftmose, **Praktlav (DC)** og Grynskjell.

Artsnavn latin / Lokalitetsnr.	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	Artsnavn norsk
BREGNER:														
Hymenophyllum peltatum	x	x	x			x		x				x		Hinnebregne
BLADMOSER:														
<i>Amphidium mougeotii</i>	x	x	x	x	x		x	x	x			x		Bergpolster
<i>Andraea rothii</i>	x					x	x		x	x				Nervesotmosse
<i>Andrea rothii</i> ssp. <i>falcata</i>					x		x	x		x				
<i>Andraea alpina</i>	x			x			x	x	x	x		x		Kystsotmose
<i>Andraea rupestris</i>	x	x	x	x	x	x			x	x		x		Bergsotmose
<i>Andraea</i> sp.								x	x					-sotmose
<i>Anoectangium aestivum</i>	x	x			x		x		x			x		Skortejuvmose
<i>Anomobryum filiforme</i>			x									x		Stråmose

Artsnavn latin / Lokalitetsnr.	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	Artsnavn norsk
<i>Antitrichia curtipendula</i>			x	x	x			x		x				Ryemose
<i>Arctoa fulvella</i>									x					Faksjøkulmose
<i>Atrichum undulatum</i>	x		x	x	x	x	x	x	x			x		Stortaggmose
<i>Aulacomnium palustre</i>										x				Myrfiltmose
<i>Barbula convoluta</i>										x				Slireskruemose
<i>Bartramia ithyphylla</i>				x		x		x	x	x			x	Stivkulemose
<i>Bartramia pomiformis</i>	x	x			x	x								Eplekulemose
<i>Bartramia halleriana</i>		x				x						x		Stor kulemose
<i>Blindia acuta</i>	x					x	x		x				x	Rødmesigmose
<i>Brachythecium populeum</i>			x		x	x								Ospelundmose
<i>Brachythecium plumosum</i>			x	x	x	x		x				x		Bekkelundmose
<i>Brachythecium reflexum</i>			x	x										Sprikelundmose
<i>Brachythecium rutabulum</i>			x			x		x						Storlundmose
<i>Brachythecium sp.</i>			x											- lundmose
<i>Breutelia chrysocoma</i>	x	x				x	x					x		Gullhårmose
<i>Bryum alpinum</i>				x	x									Koppervrangmose
<i>Bryum argenteum</i>										x				Sølvvrangmose
<i>Bryum capillare</i>			x	x	x	x		x				x		Skruevrangmose
<i>Bryum flaccidum</i>	x	x	x						x					Trådskruevrangmose
<i>Bryum pseudotriquetrum</i>		x	x	x				x				x		Bekkevrangmose
<i>Bryum sp.</i>														-vrangmose
<i>Calliergonella cuspidata</i>			x											Sumpbroddmose
<i>Campylium sommerfeltii</i>	x					x		x	x	x				Stubbestjernemose
<i>Campylium stellatum</i>												x		Myrstjernemose
<i>Cirriphyllum piliferum</i>					x			x				x		Lundveikmose
<i>Campylopus atrovirens</i>	x	x	x		x	x	x	x	x	x		x		Pelssåtemose
<i>Campylopus flexuosus</i>	x					x		x	x			x		Trøsåtemose
<i>Campylopus fragilis</i>	x			x	x									Kostsåtemose
<i>Ceratodon purpureus</i>				x	x	x	x	x		x				Ugrasvegmose
<i>Ctenidium molluscum</i>	x	x	x		x		x					x		Kammose
<i>Cynodontium cfr. jenneri</i>	x													Planskortemose
<i>Cynodontium sp.</i>	x		x					x	x			x		-skortemose
<i>Dicranella heteromalla</i>	x			x	x	x	x	x	x					Smaragdgroftemose
<i>Dicranella cerviculata</i>		x				x		x	x	x		x		Torvgrøftemose

Artsnavn latin / Lokalitetsnr.	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	Artsnavn norsk
Dicranodontium denudatum	x	x		x		x	x	x	x	x	x		x	Fleinljåmose
Dicranodontium uncinatum		x				x								Bergljåmose
Dicranum fuscescens		x		x		x			x	x			x	Bergsigdmose
Dicranum majus	x	x			x	x	x			x			x	Blanksigdmose
Dicranum montanum					x				x	x			x	Stubbesigdmose
Dicranum scoparium	x	x	x		x	x	x	x	x	x	x		x	Ribbesigdmose
Diphyscium foliosum	x				x	x	x		x					Nøttemose
Distichium capillaceum			x											Puteplanmose
Ditrichum heteromallum						x								Raubustmose
Dryptodon patens	x	x		x	x	x	x	x	x	x	x		x	Rennemose
Eurhynchium praelongum					x								x	Sprikemoldmose
Fissidens adianthoides					x									Saglommemose
Fissidens bryoides					x									Dverglommemose
Fissidens dubius	x	x		x	x								x	Kystlommemose
Fissidens osmundoides	x	x	x	x	x		x		x				x	Stivlommemose
Fontinalis antipyretica			x											Kjølevemose
Fontinalis dalecarlica			x											Dusklevemose
Fontinalis squamosa									x					Evjelevemose
Funaria hygrometrica								x		x				Pestbråtemose
Grimmia affinis					x			x						Seterknausing
Grimmia donniana					x		x							Vardeknausing
Grimmia cf. funalis									x					Reipknausing
Grimmia cf. hartmanii			x											Sigdknausing
Grimmia pulvinata						x								Kvitknausing
Grimmia torquata	x			x	x	x	x		x					Krusknausing
Grimmia trichophylla				x										Ufsknausing
Grimmia sp.							x							-knausmose
Gymnostomum aeruginosum	x	x												Bergrotmose
Hedwigia ciliata			x	x	x	x	x	x				x		Gråsteinmose
Hedwigia stellata		x	x	x										Sprikesteinmose
Herzogiella seligeri			x											Stubbefauskmose
Heterocladium heteropterum	x	x	x	x	x	x	x		x			x		Trådflokemose
Homalia trichomanoides			x					x						Glansmose
Homalothecium sericeum			x	x	x			x				x		Krypsilkemose

Artsnavn latin / Lokalitetsnr.	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	Artsnavn norsk
Hookeria lucens					x		x						x	Dronningmose
Hygrohypnum ochraceum			x											Klobekkemose
Hylocomiastrum umbratum	x	x		x		x		x	x				x	Skuggehusmose
Hylocomium splendens	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x			x	Etasjemose
Hyocomium armoricum								x						Flommose
Hypnum andoi		x		x				x						Trådflettemose
Hypnum cupressiforme	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x		x	Matteflettemose
H. cupressiforme ssp. lacunosum				x	x									-flettemose
Hypnum imponens	x												?	Rødstilkflettemose
Hypnum jutlandicum	x	x			x	x		x		x			x	Heiflettemose
Hypnum resupinatum				x	x								x	Kystflettemose
Isothecium cfr. holtii								x						Vasshalemose
Isothecium myosuroides ssp. brachy.	x	x				x	x	x		x			x	Musehalemose
Isothecium myosuroides ssp myosur			x		x	x	x	x	x					
Isothecium myurum			x	x	x			x						Rottehalemose
Kiaeria cf. falcata		x												Sigdfrostmose
Kiaeria blyttii	x	x	x	x	x	x	x	x	x				x	Bergfrostmose
Kiaeria starkii				x					x					Snøfrostmose
Lescuraea cf. incurvata				x										Krokraspmose
Leucobryum glaucum	x	x				x	x	x	x	x			x	Blåmose
Leucodon sciurooides				x										Ekornmose
Loeskeobryum brevirostre			x		x								x	Kystmose
Mnium hornum	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x			x	Kysttornemose
Neckera complanata	x	x	x		x			x						Flatfellmose
Neckera crispa	x	x	x					x					x	Krusfellmose
Neckera pumila								x						Vrengefellmose
Oedipodium griffithianum				x					x					Klubbemose
Oligotrichum hercynicum						x	x		x				x	Grusmose
Orthotrichum anomalum			x			x								Fakkelbusthette
Orthotrichum lyellii	x	x						x						Kystbusthette
Orthotrichum cfr. rogeri				x										Sporebusthette
Orthotrichum rupestre					x									Faksbusthette
Orthotrichum stramineum			x		x									Bleikbusthette
Orthotrichum striatum				x				x						Tønnebusthette

Artsnavn latin / Lokalitetsnr.	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	Artsnavn norsk
Racomitrium aciculare			x	x	x		x	x	x	x				Buttgråmose
Racomitrium affine	x													Kollegråmose
Racomitrium aquaticum	x	x	x	x	x	x		x	x	x			x	Bekkegråmose
Racomitrium elongatum				x	x		x	x	x	x				Beitegråmose
Racomitrium fasciculare	x	x		x	x	x	x	x	x	x			x	Knippegråmose
Racomitrium heterostichum	x		x	x	x	x	x	x	x	x			x	Berggråmose
Racomitrium lanuginosum	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x		x	Heigråmose
Racomitrium sudeticum	x			x					x					Setergråmose
Rhabdoweisia crenulata	x	x	x											Butturnemose
Rhabdoweisia crispata	x	x	x	x		x	x		x				x	Kystturnemose
Rhabdoweisia fugax				x	x	x								Bergurnemose
Rhizomnium punctatum			x	x	x	x	x	x	x	x	x		x	Bekkerundmose
Rhytidadelphus loreus	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x			x	Kystkransmose
Rhytidadelphus squarrosus		x	x	x	x	x		x	x				x	Engkransmose
Rhytidadelphus triquetrus			x	x	x	x	x						x	Storkransmose
Sanionia uncinata				x						x				Kobleikmose
Schistidium apocarpum coll.	x	x		x		x		x						-blomstermose
Schistidium marinum												x		Saltblomstermose
Scorpidium revolvens								x						Raudmakkmose
Sphagnum auriculatum		x	x	x	x	x	x	x	x	x			x	Horntorvmose
Sphagnum austini										x				Kysttorvmose
Sphagnum compactum	x						x		x	x				Stivtorvmose
Sphagnum capillifolium									x	x				Furutorvmose
Sphagnum cuspidatum										x				Vasstorvmose
Sphagnum girgenshoni		x								x				Grantorvmose
Sphagnum lindebergii										x				Bjørnetorvmose
Sphagnum magellanicum						x				x				Kjøtt-torvmose
Sphagnum palustre	x	x		x		x	x	x	x	x				Sumptorvmose
Sphagnum papillosum	x						x	x	x	x	x			Vortetorvmose
Sphagnum qinquefarium						x	x	x	x	x	x		x	Lyngtorvmose
Sphagnum riparium		x		x					x	x				Skartorvmose
Sphagnum rubiginosum										x				Litorvmose
Sphagnum russowii	x	x								x				Tvaretorvmose
Sphagnum squarrosum		x							x			x		Spriketorvmose

Artsnavn latin / Lokalitetsnr.	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	Artsnavn norsk
<i>Sphagnum subnitens</i>							x	x	x					Blanktorvmose
<i>Sphagnum strictum</i>									x					Heitorvmose
<i>Sphagnum tenellum</i>	x			x	x	x	x	x	x			x		Dvergtorvmose
<i>Sphagnum spp.</i>						x								-torvmoser
<i>Syntrichia ruralis</i>							x							Putehårstjernemose
<i>Tetraphis pellucida</i>			x	x	x		x	x	x			x		Firtannmose
<i>Tetrodontium brownianum</i>	x													Hettekimmose
<i>Tortula muralis</i>			x											Murtustmose
<i>Thamnobryum alopecurum</i>			x	x										Revemose
<i>Thuidium delicatulum</i>			x	x	x		x							Bleiktujamose
<i>Thuidium tamariscinum</i>		x	x	x	x	x	x	x	x			x		Stortujamose
<i>Tortella tortuosa</i>	x		x		x		x					x		Putevrimose
<i>Trichostomum tenuirostre</i>	x	x	x	x	x	x	x		x			x		Kaursvamo
<i>Ulota brunchii</i>			x	x	x									Oregullhette
<i>Ulota coarctata</i>							x	x	x					Pløsegullhette
<i>Ulota crispa</i>	x	x	x		x		x	x	x	x		x		Krusgullhette
<i>Ulota drummondii</i>	x		x	x	x		x	x						Snutegullhette
<i>Ulota phyllantha</i>												x		Piggknoppgullhette
<i>Ulota hutchinsiae</i>			x		x	x	x			x				Steingullhette
<i>Warnstorffia sarmentosa</i>									x					Blodnøkkemose
<i>Weissia controversa</i>			x		x								?	Tannkrusmose
<i>Zygodon baumgartneri</i>			x	x	x		x							Trådkjølmose
<i>Zygodon viridissimus</i>							x							Køllekjølmose
LEVERMOSER:														
<i>Anastrepta orcadensis</i>				x		x	x	x	x			x		Heimose
<i>Anastrophyllum minutum</i>	x	x			x			x	x			x		Tråddraugmose
<i>Anastrophyllum saxicola</i>				x		x								Steindraugmose
<i>Anastrophyllum sp.</i>	x	x			x	x								-draugmose
<i>Aneura pinguis</i>			x			x						x		Feittmose
<i>Anthelia cf. julacea</i>		x				x		x	x			x		Ranksnømose
<i>Apometzgeria pubescens</i>							x							Skjerfmose
<i>Barbilophozia atlantica</i>	x	x						x	x					Kystskeggmose
<i>Barbilophozia attenuata</i>							x	x	x			x		Piskskjeggmose

Artsnavn latin / Lokalitetsnr.	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	Artsnavn norsk
Barbilophozia barbata			x	x		x		x						Skogskjeggmose
Barbilophozia sp.								x				x		-skjeggmose
Bazzania tricrenata	x	x		x		x	x	x	x	x	x		x	Småstyltemose
Bazzania trilobata	x	x		x		x	x	x	x	x		x		Storstyltemose
Blepharostoma trichophyllum								x	x				x	Piggtrådmose
Calypogeia fissa					x		x	x	x				x	Tannflakmose
Calypogeia cf. muelleriana					x				x	x			x	Sumpflakmose
Calypogeia spp.					x	x	x		x				x	-flakmose
Cephalozia spp.					x		x		x	x			x	-glefsemose
Cephaloziella spp.		x		x	x	x	x	x	x	x			x	-pistremose
Chilocyphus sp.						x			x				x	-blondemose
Conocephalum conicum		x			x									Krokodillemose
Diplophyllum albicans	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x		x	Stripefoldmose
Diplophyllum obtusifolium						x								Stumpfoldmose
Diplophyllum taxifolium	x													Bergfoldmose
Douinia ovata	x	x	x	x		x	x	x	x	x			x	Vengemose
Frullania dilatata		x	x	x	x			x	x	x				Hjelmlærermose
Frullania fragillifolia			x		x									Skjørblærermose
Frullania tamariscina	x	x	x	x	x	x	x	x		x			x	Matteblærermose
Gymnocolea inflata	x								x	x				Torvdymose
Gymnomitrion obtusum	x	x		x	x	x	x	x	x	x			x	Skogåmemose
Jungermannia atrovirens	x	x	x		x	x			x	x			x	Bekkesleivmose
Jungermannia spp. (cfr. gracillima)													x	-sleivmose
Kurzia cf. trichoclados	x					x			x	x				kystfingerermose
Lejeunea cf. cavifolia			x		x			x					x	Glansperlemose
Lepidozia pearsonii	x					x			x	x			x	Grannkrekmose
Lepidozia reptans				x		x		x		x			x	Skogkrekmose
Lophozia incisa	x			x		x		x	x	x				Lurvlik
Lophozia ventricosa				x	x	x	x	x	x	x	x		x	Grokornflikmose
Lophozia sp.	x			x		x	x	x	x	x			x	-flikmose
Marsupella emarginata	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x			x	Mattehutremose
Marsupella sp.						x		x	x	x				-hutremose
Metzgeria conjugata			x	x	x							x		Kystbandmose
Metzgeria furcata			x	x	x			x	x			x		Gulbandmose

Artsnavn latin / Lokalitetsnr.	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	Artsnavn norsk
<i>Leptogium hibernicum</i>			x											Irsk hinnelav
<i>Leptogium lichenoides</i>			x					x						Flishinnelav
<i>Lichina confinis</i>												x		Dvergtanglav
<i>Lobaria amplissima</i>			x											Sølvnever
<i>Lobaria pulmonaria</i>			x	x	x			x				x		Lungenever
<i>Lobaria scrobiculata</i>			x	x				x				x		Skrukkenever
<i>Lobaria virens</i>			x	x	x			x						Kystnever
<i>Massalongia carnosia</i>				x	x									Moseskjell
<i>Melanelia fuliginosa</i>				x					x					Stiftbrunlav
<i>Melanelia subaurifera</i>		x	x	x	x		x	x	x					Brunbarklav
<i>Menegazzia terebrata</i>		x												Skoddelav
<i>Mycoblastus sanguinarius</i>	x		x						x	x				-blodlav
<i>Neofuscelia pulla</i>					x									Skålskjærgårdslav
<i>Nephroma laevigatum</i>			x		x									Kystvrenge
<i>Nephroma parile</i>			x	x	x			x						Grynvrente
<i>Nephroma resupinatum</i>				x	x									Lodnevrente
<i>Normandina pulchella</i>			x		x			x						Muslinglav
<i>Ochrolechia androgyna</i>		x		x		x		x		x		x		-korkje
<i>Omphalina hudsoniana</i>	x							x	x					Lavnavlesopp
<i>Opegrapha atra</i>			x		x			x						Svart klattlav
<i>Pannaria conoplea</i>			x	x				x						Grynfiltlav
<i>Pannaria rubiginosa</i>				x										Kystfiltlav
<i>Parmeliella triptophylla</i>			x	x	x			x		x				Stiftfiltlav
<i>Parmelia omphalodes</i>	x	x		x	x	x	x	x	x	x		x		Brun fargelav
<i>Parmelia saxatilis</i>	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x		x	Grå fargelav
<i>Parmelia sulcata</i>	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x			x	Bristlav
<i>Parmeliopsis hyperopta</i>										x				Grå stokklav
<i>Parmeliopsis ambigua</i>				x					x					Gul stokklav
<i>Parmotrema chinensis</i>		x	x											Liten praktkrinslav
<i>Peltigera canina</i>	x	x	x	x	x	x	x	x				x		Bikkjenever
<i>Peltigera collina</i>			x	x				x						Kystårenever
<i>Peltigera horizontalis</i>			x	x	x									Blanknever
<i>Peltigera polydactyla</i>						x								Fingernever
<i>Peltigera praetextata</i>			x		x			x						Skjellnever

Artsnavn latin / Lokalitetsnr.	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	Artsnavn norsk
<i>Phellinus lundellii</i>									x					Valkildkjuk
<i>Plicatura crispata</i>							x							Vifternkesopp
<i>Polyporus lepideus</i>			x						x					-stilkkjuk
<i>Stereum sp</i>														-lærssopp
<i>Trametes pubescens</i>		x												Fløyelskjuk
<i>Trametes versicolor</i>	x													Silkekjuk
<i>Gymnosporangium clavariiforme</i>							x							
<i>Tremella foliacea</i>	x						x							Bladgelesopp
<i>Vibrissa truncorum</i>								x						Vårbekksopp